

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 26. september 2024

Tid: 26.09.24, kl.18-19.30

Stad: Vestnes bibliotek

Deltakarar: Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas

Forfall: Jørn Inge Frostad og Ellen Lundgren

Gjest: Lars Sigmund Kleive

Saker:

- 1) Oppdatering av heimesida. Det er gode argument av teknologisk art for å skifte web-leverandør. Tore Williksen tar denne saka videre. Han blir invitert også til neste møte.
- 2) Planlegging av fotokveld 24. oktober, kl. 19, på biblioteket. Trass gode alternative lokale andre stadar i kommunen er biblioteket særleg gunstig med tanke på både pris og utstyr.

Fotokvelden teiknar til å bli godt besøkt: På ein dag har fleire titals meldt si interesse på FB-arrangementet. Styreleiar planlegg dessutan å publisere ei annonse i lokalavisa.

Lars Sigmund tek hand om sjølve bildeframsyninga, medan Liv Signy, Marit og Tore noterer seg alle relevante opplysningar knytt til bilda. Vidare har Liv Signy ordna Vipps-løysing for Sogelaget. I den samband skal me ordne med plakat, eventuelt roll-up, med QR-kode.

Lars Sigmund Kleive og Jostein Bø skal ha eit planleggingsmøte om fotokvelden 2. oktober.

- 3) Lansering for årsskriftet. Dato: Onsdag 20. november kl. 19. Skriftstyret har regi på pakkedugnaden i etterkant av årsmøtet. Morten vil legge ut informasjon på FB når det gjeld fordelinga av rode for utdeling av bøker.
- 4) Ymse. Orientering om diverse saker.
 - i) Styret meiner eit samarbeid mellom Tresfjord Museum og Sogelagets fotogruppe vil vere til gjensidig nytte for begge partar.

- ii) Lars S ønskjer at Sogelaget tek ansvar for ei digitalisering av O. Rekdals uferdige bygdebok-manuskript. Dette er aktuelt på lang sikt, men ikkje ei prioritert oppgåve på noverande tidspunkt.
 - iii) Kommunen har gitt avslag på oppmodinga om reduksjon for leie av lageret på Myra.
 - iv) Morten tek ansvar for å erstatte Brovold-utstillinga på biblioteket med ei AO Sand-utstilling i løpet av oktober.
 - v) Styret er einige om at foredraget med Kristoffer Dahle må karakteriserast som ein formidabel suksess, med meir enn 70 deltakarar og jamt over godt engasjement blant dei frammøtte.
 - vi) Temaet «medlemsrekrytering» blir utsett til neste møte.
- 5)** Oppdatering av medlemsregisteret. Gjennomgang av medlemslistene, under myndig leiing av Liv Signy.
- 6)** Eventuelt. Neste møte blir tidleg i januar 2025. Morten sender ut forslag på møtedato via e-post.

Nerås, 1.10.24.

Referent: Tore Tomren